

Notat

Dato: 17.04.2018
Arkivsak: 2017/15373-9
Saksbehandlar: venbar

Til:	Utval for opplæring og helse Fylkesutvalet
Frå:	Fylkesrådmannen

Løypemelding - opplæringsbehov for elevar med psykiske vanskar**Bakgrunn for saka**

Fylkesrådmannen viser til saksprotokoll i Utval for opplæring og helse 19.04.2017, der Emil Gadolin på vegner av AP/SP/KRF/SV sette fram følgjande forslag:

1. «Det skal settes i gang et arbeid med å utrede fremtidig opplæringstilbud som er tilpasset målgruppen ved avdeling Kyrre og som ivaretar deres behov. Dette skal ha prioritet og legges frem til politisk behandling senest høst 2018.
2. Fylkesrådmannen blir bedt om å komme tilbake med forslag til ny løysning som i større grad ivaretar elevene ved avdeling Kyrre sine behov.»

På bakgrunn av forslaget er det nemnt opp ei tverrfagleg gruppe som skal førebu saka. Nina Ludvigsen, seksjonsleiar OT/PPT, har leia arbeidet t.o.m. 28.02.2018. Frå 01.03.2018 er Annbjørg Laupsa konstituert i Ludvigsen si stilling, og leiar difor arbeidet vidare mot slutføring.

I OPHE 21.09.2017 blei det lagt fram ei første løypemelding i saka; RS 39/2017 *Opplæringsbehov for elevar med psykiske vanskar*.

Frå nyttår blei arbeids- og ressursgruppa utvida med oppnemnd saksordførar Dan Femoen, H, og ressursgruppa og arbeidsgruppa blei orientert om kva for rolle han skal ha i saka. Representasjonen frå seksjon skule blei utvida med seniorrådgivar Laila Ulvestad.

Aktivitetar

I prosessen så langt har det viktigaste vore å kartleggje kva for tilbod som faktisk finst i Hordaland fylkeskommune, både med tilrettelegging i ordinære løp og avdelingar med spesiell tilrettelegging. I tillegg har det vore viktig å samle kunnskap om kva forskning fortel om ungdomar si psykiske helse generelt, og i Hordaland spesielt.

For å høyre kva tilbod elevar med psykiske utfordringar har i andre fylkeskommunar, blei Oslo kommune henta inn for å dele erfaringar.

08.02.2018 arrangerte arbeidsgruppa ei erfaringsamling for å lytte og lære. Følgjande bidrog under samlinga:

- KorusVest: Ungdata 2017: «Fakta om ungdom og psykisk helse»
- Erfaringar frå tilrettelagde tilbod i Hordaland
 - Bergen katedralskole, avdeling Kyrre
 - Kvinnherad vidaregåande skule, avdeling Valekrossen
- Kongsskogen vidaregåande skole, Oslo: «Et skreddersydd tilbud»
- Ungdomskulane Gimle, Alrekstad og Sandgotna: «Perspektiv på overgang frå grunnskule til vidaregåande skule»
- Fitjar vidaregåande skule: «Korleis møter vi elevar med psykiske vanskar?»
- Hyssingen produksjonsskole: «Møte med støttesystema i vidaregåande skule»
- PP-tenesta og Oppfølgingstenesta

Dagen blei avslutta med eit gruppearbeid – eit dialogverktøy utvikla av KS. Deltakarane gav tilbakemelding på følgjande spørsmål:

1) Dagens situasjon

Kva for opplæringstilbod blir etter di erfaring gitt elevar med psykiske vanskar?

2) utfordringar

Kva for barrierer ser du for å kunne gi elevane med psykiske vanskar det dei har rett på jf.

§ 3-1. Rett til vidaregåande opplæring for ungdom

§ 9A-2. Retten til eit trygt og godt skulemiljø. Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.

§ 5-1. Rett til spesialundervisning. Elevar som ikkje har eller som ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, har rett til spesialundervisning.

3) Mogelegheiter

Kva for moglege løysingar (organisatoriske) ser du kan bidra til betre opplæringstilbod for elevar med psykiske vanskar?

4) Aksjonsliste

Kva for tiltak meiner du kan ivareta rettane til elevar med psykiske vanskar. Konkretiser og prioriter.

Oppsummering av gruppearbeidet blei presentert i ressursgruppemøtet 15.03.2018.

F.o.m. september er det gjennomført 4 møte i ressursgruppa, og arbeidsgruppa har hatt hyppigare møtefrekvens.

I ressursgruppemøtet 15.03.2018 ønskte saksordførar at det skulle skrivast ei løypemelding til møtet i OPHE 15.05.2018. I tillegg ønskte han at alle skulane i fylkeskommunen skulle få ein e-post med relevante spørsmål om korleis dei legg til rette for elevar med psykisk helse i eit ordinært løp. Saksansvarleg tok med seg forslaget i leiarmøtet (opplæringsavdelinga) 04.03.2018.

For å setje temaet inn i ein større samanheng vil nemnde spørsmål bli ein del av eit gruppearbeid på møtedag for alle rektorane 29.05.2018. Temaet for dagen er «Læringsmiljø og psykisk helse». Tilbakemelding frå det møtet vil vere aktuell informasjon inn i saka.

Framdrift

Saka er for tida under utarbeiding. Ressursgruppa er kalla inn til møte 14.06.2018 for gjennomgang av tekstutkast. Arbeidsgruppa har som mål å ferdigstille dokumentet før sommarferien.